

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 26.01.2017

Vår ref.: 200806673-285

Arkiv: 611

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Martin Windju

22959490/mwi@nve.no

## **Orientering om konsesjon og oreigningsløyve til endring av kraftleidningen 300 (420) kV Modalen - Mongstad med tilhørende anlegg**

Olje- og energidepartementet fatta 19.6.2015 vedtak om å gje konsesjon til BKK Nett AS for å byggje ein ny 300 (420) kV kraftleidning mellom Modalen og Mongstad. BKK Nett AS søkte 12.9.2016 om nokre endringar av leidningen og om nye tilhørende anlegg.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag fatta vedtak om å gje konsesjon til BKK Nett AS for følgjande:

- Permanent tilkomstveg til landstak for sjøkabel i Iledalen.
- Justering av den opphavleg konsesjonsgitte traseen til landtaket for sjøkabelen i Iledalsvågen.
- Permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon på vestsida av Haugsværvatnet.
- Justering av traseen for kryssing av Matresdalen for 300 (420) kV Modalen – Mongstad
- Jordline på eiga stolperekkje langs vestsida av 300 (420) kV-leidningen over ein strekning på om lag 6,3 km i Stølsheimen.
- Bruk av Teist som tverrsnitt for 300 (420) kV Modalen – Mongstad frå Steinsland til vest for Haugsværfjorden.
- Bruk av silikonbelagde glassisolatorar på strekningar der det i opphavleg konsesjon var pålagt bruk av komposittisolatorar.
- Nytt 300 kV brytarfelt i Lindås transformatorstasjon.

NVE gjev óg konsesjon til BKK Produksjon AS for:

- Flytte endepunktet for eksisterande 300 kV kraftleidning Steinsland – Modalen frå Steinsland kraftverk til nye Steinsland koplingsstasjon.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**

Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

NVE gjev samstundes oreigningsløyve til BKK Nett AS for naudsynte rettar til bygging og drift av tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon, tilkomstveg til Iledalen og jordline på eiga stolperekke i Stølsheimen. Oreigningsløyvet gjeld der BKK Nett AS ikkje har verte samde om minnelege avtalar med røyrd grunneigarar og rettshavarar.

Konsesjonsdokumentet, oreigningsløyvet og notatet "Bakgrunn for vedtak" med meir om NVE sine vurderingar i saka er tilgjengelege på [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger).

### **Partsinnsyn**

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, ta kontakt med sakshandsamar i NVE eller send e-post til [innsyn@nve.no](mailto:innsyn@nve.no).

### **Klage**

Du kan klage på avgjerdene til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga kom fram eller klagaren burde ha skaffa seg kjennskap til avgjerdene, jf. forvaltningslova kap. VI. Partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg, økonomisk eller faktisk tilknytning til saka og organisasjonar som representerer interesser som vedtaket får verknader for) har rett til å klage på vedtaka.

Ei klage skal vere skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Den må presisere om det vert klaga på anleggskonsesjonen og/eller samtykkje til ekspropriasjon, og innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett. Den bør òg innehalde ei grunngjeving. Etter forvaltningslova vil NVE vurdere klaga og forberede saka før den vert sendt til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjersle. Vi føretrekk at klager vert sendt til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Ved spørsmål eller om du treng nærare opplysningar, ta kontakt med sakshandsamar i NVE, Martin Windju, tlf. 22 95 94 90 eller e-post [mwi@nve.no](mailto:mwi@nve.no).

Med helsing

Siv Sannem Inderberg  
seksjonssjef

Martin Windju  
seniorrådgiver

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



Mottakerliste:

Advokatfirmaet Harris DA  
Bergen og Hordaland Turlag  
Friluftsrådernes Landsforbund v/Bergen og Omland Friluftsråd  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Grunneigarar og rettshavarar  
Gulen kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Masfjorden kommune  
Naturvernforbundet i Hordaland  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sogn og Fjordane Turlag  
Statnett SF  
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Kopi til:

BKK Nett AS  
BKK Nett AS v/Per Ivar Trollnes Tautra  
BKK Produksjon AS